

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 03.12.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Helge Robert Midtbø  
**SAKA GJELD:** **Løyve til å tiltre og sal av grunn til gang- og sykkelveg langs Fv. 484 - sjukehusparken Førde sentralsjukehus**

**ARKIVSAK:** 2013/5787  
**STYRESAK:** **096/2019**

**STYREMØTE:** **05.12.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek å gje Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest løyve til å tiltre grunn frå gnr. 43, bnr. 85 i Førde kommune. Arealet skal nyttast til gang- og sykkelveg, definert i reguleringsplan fv. 484, gang- og sykkelveg, godkjend 16.02.2017, og detaljplan Førde sentralsjukehus godkjend 28.03.2019. Totalt avstått areal er 2.199 m<sup>2</sup>.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å starte forhandlingar om erstatningssum og kjøpekontrakt for arealet med Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest.
3. Dersom Helse Førde og Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest ikkje kjem til semje om erstatningssum, skal erstatning setjast fast ved rettsleg skjønn (avtaleskjønn), jf. skjønnslova paragraf 4.
4. Saka vert sendt til Helse Vest for vidare godkjenning.
5. Endeleg kjøpekontrakt for arealet skal leggast fram for handsaming og godkjenning i føretaksmøte i Helse Førde.
6. Vestland fylkeskommune overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune sine forpliktingar i denne saka og aktuelle avtaler frå 01.01.2020

### **Oppsummering**

Helse Førde HF ønsker i første omgang å gje Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen region vest rett til å tiltre del av gnr. 43 bnr. 85. Føremålet med å gje løyvet er å ikkje hindre oppstart av gang- og sykkelveg langs Vievegen. Arealet som Helse Førde HF vil avstå er definert i reguleringsplan fv. 484, gang- og sykkelveg, godkjent 16.02.2017 og detaljplan Førde sentralsjukehus godkjent 28.03.2019. Totalt avstått areal er 2.199 m<sup>2</sup>. Kjøpesum og kjøpekontrakt skal forhandlast fram på eit seinare tidspunkt.

### **Fakta**

Helse Førde HF har fått førespurnad frå Statens vegvesen om å avstå grunn til ny gang- og sykkelveg langs parken ved Førde sentralsjukehus. Parken grensar til Vievegen. Det har vore fleire forhandlingsmøte, og ein har kome fram til ei løysing der arealet det gjeld er regulert i reguleringsplan fv. 484 Vievegen, gang- og sykkelveg godkjend 16.02.2017, og detaljplan Førde sentralsjukehus godkjend 28.03.2019, der areal knytt til utviding av kryss i sør, ambulanssekrysset, er regulert.

Parken er verna av Riksantikvaren, men dei har gitt dispensasjon for arealet knytt til gang- og sykkelveg. Statens vegvesen må følgje vilkåra Riksantikvaren har sett for grunnavståinga. Den delen av parken som vert råka av anleggsarbeid, skal blant anna setjast i stand att slik den var før anleggsarbeidet startar. Avtalen definerer også kven som har vedlikehaldsansvaret for, og utforming av, tilgrensande areal.

Kjøpesummen er enno ikkje sett, men Statens vegvesen får råderett over arealet slik at anleggsarbeidet kan komme i gang. Dersom ein på eit seinare tidspunkt vert einige om erstatningssum skal partane inngå ei eiga kjøpekontrakt.

### **Kommentarar**

Administrerande direktør vil ikkje legge hinder for å få starta arbeidet med gang- og sykkelveg langs Vievegen, og meiner derfor det er riktig å inngå ein avtale om råderett før erstatningssummen er sett. Drift og eigedom vil starte forhandlingane med Statens vegvesen om erstatningssum for arealet i første kvartal 2020.

Sal av fast eigedom skal gjennom ei omfattande formell behandling. For eigedomar med verdi under 10 millionar kroner, gjeld følgjande prosedyre:

1. Forslag om sal vert handsama av Helse Førde sitt styre (jf. denne saka)
2. Dersom positivt vedtak, vert saka sendt over til Helse Vest RHF
3. Handsaming i styret for Helse Vest som innstiller overfor
4. Føretaksmøtet i Helse Førde, som gjer formelt vedtak om sal.

## Konklusjon

Administrerende direktør tilrår at Helse Førde gjev Statens vegvesen rett til å tiltre del av areal på gnr. 43 bnr. 85, regulert i reguleringsplan fv. 484, gang- og sykkelveg, godkjend 16.02.2017, og detaljplan Førde sentralsjukehus godkjend 28.03.2019, og at det vert starta forhandlingar om kjøpesum i løpet av første kvartal 2020.

## Vedlegg:

- Utkast til avtale om tiltreding og avtaleskjønn
- Reguleringsplan fv. 484, gang- og sykkelveg godkjend 16.02.2017
- Detaljplan Førde sentralsjukehus godkjend 28.03.2019
- Riksantikvaren – vedtak om dispensasjon frå freding av parken på grunn av endring av Fv484 Vievegen.